

# Kyrkjeblad

*for Vestre Slidre*




Billete: Stine Thon

Rad 1 (fremst): Ingrid Mo Westgård, Ylva Anthonen Røn, Mina Hansegården, Maud Erlandsen, Ingvild Færden Wangensten, Hanna Kvamme Nygard

Rad 2: Sokneprest Janne Sukka, Malin Dalbø, Dina Kornelia Unhjem Dokken, Rebeca Florentina Istrate, Vår Fauske Jørstad

Rad 3: Johan Rolandsgården, Leander Kristiansen, Endre Thon  
Ikkje til stades: Vetle Kildal Bakken



# «Meir himmel på jord»

## Ny strategi – so what?

Hamar bispedømme har utarbeidd ein ny strategi som har blitt til gjennom ein grundig prosess der folkevalde og tilsette har bidrege.

11. desember 2024 vedtok Hamar bispedømmeråd ein ny strategi for perioden 2025 – 2029. Strategien vil vere styrande for dei val og prioriteringar som bispedømmerådet vil gjere dei neste fire åra, og er i tråd med visjonen og strategien til Den norske kyrkje om «Meir himmel på jord».

Strategien er delt inn i overskriftene «Kyrkja for den enkelte», «Kyrkja i samfunnet» og «Kyrkja som organisasjon». Alle desse tre områda har kvar sine tre delmål, med tilhøyrande prioriterte område. Bispedømmerådet vil mellom anna prioritere arbeid med gudstenesteliv, barn- og unge, korarbeid, beredskap, urfolk og minoritetar, leing og det å vere ein attraktiv arbeidsplass.

Bispedømmerådet sjølve har allereie tatt strategien i bruk. Alle tiltak som blir gjennomførte i rådet sin regi er, og skal vere, forankra i strategien. Den vil også

bli brukt i samband med opplæring, i møte med lokal-kyrkja og med kyrkja sine tilsette.

Bispedømmerådet har difor lagt stor vekt på at strategien for Hamar bispedømmeråd skal spegle dei moglegheitene og utfordringane som finst lokalt. Den kan med andre ord bli eit nyttig reiskap for kyrkje-lydane. Det er mange moglegheiter for godt samarbeid og samvirke mellom bispedømmerådet sin strategi og dei mål og satsingar som finst i sokna! Det kan vere fint å spørje seg sjølv «**kva inneber dette for oss?**» Vårt mål har vore at bispedømmerådet sin strategi skal møte utfordringane vi ser her og nå, men også ruste kyrkja til å møte det som kjem, og som vi enno ikkje har oversikt over.

Med denne strategien ønsker Hamar bispedømmeråd å leie folkekyrkja i Hamar inn i ei ny tid.

*Kjersti Drtina Øversveen*  
leder, Hamar bispedømmeråd

## Klokkeringing

### 7. august

Norges kristne råd er ein paraplyorganisasjon for kyrkjer og kristne trussamfunn i Noreg.

Frå dette rådet kom ei oppmoding gjennom bispedøma til alle sokn i landet om å ringe eit kvarter for dei sivile på Gaza frå kl 15.00 torsdag 7. august. Kyrkjeklokkene i Slidre, Røn og ved Lomen stavkyrkje ringde, Lomen kyrkje og Slidredomen var opne mellom 15 og 16 for dei som ynskte å koma inn for å be og tenne lys.

Ein fin og fredfull måte å markere vår meining på!



# Tilfeldige møte kan bety mykje

## Bispevisitas 21. – 23. oktober

Bispevisitas: Besøk av biskopen til kyrkjelydane i bispedømmet. Etter nytt visitasreglement for Den Norske Kyrkja, fastsett i 2012, skal bispevisitas haldast minst kvart åttande år i kvart sokn. Visitasen varar gjerne tre til seks dagar. (Store norske leksikon)

Ole Kristian Bonden, biskop i Hamar bispedømme, kjem til Vestre Slidre no i oktober.

Føremålet med ein visitas er at biskopen skal bli kjend, snakke med folk i soknet, gje råd og inspirasjon både om det timelege og det himmelvende. Tema for visitasen i Vestre Slidre er møteplassar.

Kva møteplassar har me i kommunen vår? For oss pensjonistar er det mange tilbod, elles er det mange lag og foreningar som har jamnlege møte. Ikkje alle kjenner seg heime i slike fora; det kan synast for forpliktande og kanskje skremande. Kor mange kjenner på einsemd og utanforskap? Kor mange?

Ved brødsjerarmaskina på Kiwi i Røn, ved inngangen på Coopen i Slidre, på venterommet hjå dokteren, ja det finst mange stader der ein kan møte einannan. Slike møte er ikkje forpliktande, har ingen agenda og inga timeplan, dei er tilfeldige treff i kvardagen. Og, dei kan vera viktige for oss! La oss ta vare på dei...

Sokneråda og staben planlegg og gjennomfører visitasen, ein komite er i arbeid, og me har sett saman eit førebels program for biskopen. Det kan bli endringar.

### **Tysdag 21. oktober**

- 09.00 – 09.30: Morgonandakt i Røn Kyrkje, ope for alle!
- 09.30 – 12.00: Møte med sokneråda og fellesrådet, kyrkjestogo i Røn
- 12.00 – 13.00: Lunsj i Røn kyrkjestogo
- 13.30 – 15.00: Gardsbesøk hjå Trine og Tom Vistemyren på Nedre Semeleng
- 15.00 – 16.00: Besøkje Valdremeieriet
- 16.30 – 17.30: Middag på Furulund
- 18.00 – : Folkemusikk i Øyjar kapell, ope for alle!

### **Onsdag 22. oktober**

- 09.00 – 09.30: Morgonandakt i Slidredomen, ope for alle!
- 09.45 – 11.00: Besøk på skulen i Slidre
- 11.00 – 13.00: Møte med kommunen, inkludert lunsj
- 13.00 – 16.00: Karprat, miljøtenesta, helsetunet
- 16.15 – 18.00: Slidreøya, inkludert middag
- 18.30 – : Konsert med kulturskulen i Slidredomen, ope for alle!

### **Torsdag 23. oktober**

- 09.00 – 09.30: Morgonandakt i Lomen stavkyrkje, ope for alle!
  - 09.30 – 10.30: Einar Lome – når nokon nær deg brått og uventa avsluttar livet
  - 10.45 – 11.45: Trøsvik rakfisk
  - 12.00 – 13.00: Lunsj med rakfisk på Johmsborg
  - 13.00 – 15.00: Viksaga, ein møteplass
  - 16.00 – 17.00: Middag på Ristetun, mat frå Saras kafe
  - 18.00 – 19.00: Mekkeklubben i Lomen
- Alle dei opne arrangementa er gratis, sjølvsgt.  
Nytt høvet til å møte biskopen, kom på konsertane!

Det kjem meir informasjon, fylg med i sosiale media, på nettsidene til kyrkja eller avisa «Valdres»

*Tekst: Johanna Fuglesteg*

# Min hatt den har tre kanter

Inger Johanne Østby er ny kyrkjeverje i Vestre Slidre, velkomen!

Ho vart fødd i Kristiansund i 1965, budde i Sør-Odal før familien flytta til Drammen då ho var 7 år. Ho gjekk på realfaglinja på vidaregåande, etterpå kom ho rett inn på Norges Musikkhøgskule i Oslo og utdanna seg til fløytist, og denne utdanninga levde ho av i mange år med arbeid i filharmonisk orkester i Oslo, Bergen og Trondheim.

Med foreldre frå Trøndelag har Inger Johanne alltid vore glad i natur, friluftsliv og idrett, og tok eit års pause frå orkesterlivet for å ta grunnfag i idrett på idrettshøgskulen.

Året etter stifta ho familie på Golsfjellet og dreiv i 10 år ei turistbedrift, fekk to barn og starta treningsstudio i Gol sentrum (!)

Då båe gutane var ferdige med grunnskulen, flytta ho til Bærum. Båe foreldra var musikarar og organistar. Mor var lærar i tillegg. Far hennar, som var kantor, døydde dette året, i 2015. Det vart ledig stilling i Bærum kyrkjelege fellelsråd, ho søkte og fekk arbeid der, «Det opna seg noko, eg tok over etter far og kjende meg heime der,» seier ho. Dei neste ti åra har ho hatt arbeid i kyrkja, både som sekretær for fire kyrkjelydar, kyrkjetenar og produsent for Fredrikstad domkyrkje sokn, dagleg leiar i Voksen sokn, kyrkjetenar i Tønsberg domkyrkje og i Bergen. Men samtidig er ho freelance fløytist med mange oppdrag. I samband med 100-årsjubileet i 2024 for Egil Hovland, korleiar,

komponist, organist og Noregs mest spelte komponist, reiste ho på turnè med trio «Hovland i 100».

Samstundes har ho heile tida også vore treningsinstruktør.

Ho fekk 50% kyrkjetenarjobb i Vestre Slidre frå juni, og då kyrkjeverjestillinga på 100% vart ledig, søkte ho og fekk jobben og starta opp no i september.

Kanskje landar ho her? Ho bur på vestsida norda berget og likar både det opne landskapet og folka her i bygda, kjenner seg godt motteken og har allereie treningsgruppe i Ryfoss. Ho er ikkje ei urban type og treng ikkje så mykje underhaldning, men tid til refleksjon.

I stillinga som kyrkjeverje har det så langt vore travle dagar og mykje å setja seg inn i, ho

skal halde i trådane i drifta av kyrkja og bli kjent med heile systemet. Kyrkjelydspedagog Unni Tryggeseth er også nyttilsett på kontoret, båe to treng tid for å få alt på plass. Janne prest er for tida konstituert prost og er travel!

«Me må bruke kyrkjene,» seier Inger Johanne, «folk må få kjenne seg heime der.»

Inger Johanne er ei roleg og blid dame, ho utstrålar trygghet og er sørvisinnstilt.

Ho seier sjølv at arbeidslivet hennar er som ein hatt med tre kantar: Musikk, trening og kyrkjearbeid! Alle tre «kantane» er med på gje varierte og innhaldsrrike dagar.

Energien er på plass på kyrkjekontoret!

**Tekst: Johanna Fuglesteg**



# Møt den nye kyrkjelydspedagogen!

Kyrkjebladet tok ein tur innom kyrkjekontoret for å helse på Unni Tryggeseth, som er nyttilsett kyrkjelydspedagog i Nord-Aurdal og Vestre Slidre, med 50% stilling i kvar kommune.

Ho står på farten bort til Slidre skule for å informere om oppstart av barnekor, men tek seg tid til ein hyggeleg prat med oss fyrst.

Ho er ganske fersk i jobben, starta 1.august, og fortel at starten har vore lovande «-Eg kjenner meg heime her og har hatt gode møte med folka rundt meg. Det er mykje å setja seg inn i , det tek eit årshjul før ein er heilt varm i trøya !» Ho har allereie fått i gang baby-sang i kyrkjestogo, og nye aktivitetar ligg i startgropa, som barnekor for 4.-7.kl, med eit muleg samarbeid med Tingnes, t.d julekonsert. Vidare ynskjer ho å utvikle eit tilbod for u-steget på ettermiddagstid, og ho håpar å kunne bidra til eit større samarbeid mellom kyrkje og skule.

Om seg sjølv kan ho fortelje at ho er 57 år gamal, bur i Slidre på 4.året med sambuar Karl og Schillerstøveren Rapp. Dei to vaksne døtrene er for tida i Oslo og USA. Ho har jobba som lærar på barnesteget ved Slidre skule i 3 år. Dette gjev henne stor fordel i jobben, og eit kjennskap til både vaksne og unge i bygda. Før ho kom til Slidre jobba ho som både lærar og spes.ped-koordinator både i grunnskule og vidaregåande skule i Elverum, i tillegg har ho arbeidd ved den norske skulen i Spania.

Vi er nyfikne på kva som gjorde at ho valde å skifte beite etter over 30 år i undervisningssektoren. «Eg tenkte at om eg ville prøve noko anna , så måtte det snart skje, og denne jobben romma mykje av det eg brenn for, eg likar godt å jobbe med menneske og spesielt barn og unge, og synest det er gjevande å kunne bidra til at kyrkja blir meir tilgjengeleg som ein god plass å vera. Eg heier veldig på ei folkekyrkje der du kan få koma som du er. I trusopplæringa er det viktig for meg at det er rom for å undre seg saman, dele tankar om tru og tvil, sorg og glede.» Ho legg til at ho har med seg 30 studiepoeng frå Menighetsfakultetet som kanskje kan ha ein relevans i arbeidet.

Ein stor del av arbeidet framover vil også innebære revidering av eksisterande planer for trusopplæring i høve nye nasjonale retningslinjer. Ho må i stor grad skape sin eigen arbeidskvardag , det er ikkje flust med kyrkjelydspedagogar i Valdres, berre småstillingar. «Eg er oppteken av å vera med på mest muleg no i starten, sjå koreis ting fungerer og lære av det. Eg har ein nær samarbeidspartner og kollega i diakon Martha Fodnes, det set eg pris på». Ho peiker dessutan på den



komande bispevisitasen, og håper det kan kome gode innspel/tankar frå biskop Bonden.

Vi skjønar at når du buset deg høgt over Slidre sentrum, med storslått utsyn over bygda og natur rett utanfor dørstokken, er vegen kort til å nytte seg av friluftsliv og tur i skog og mark, noko ho bekreftar. Leirdueskyting (via sambuaren Karl) er ei nyvunne interesse, og båtturar på Slidrefjorden står og høgt i kurs. Matlaging likedan, og spesialitet på heimefronten er Biff Bourignon.

Før vi takkar for oss, og ho forsvinn over vegen og bort til skulen, avsluttar vi med 8 raske:

Favorittdyr: Katt (men har hund)

Favorittmat: Italiensk pizza

Favorittland: Spania

Norgesfavorittar: Møre og Øvre Årdal, der foreldra mine kom ifrå.

Favorittmusikk: Coldplay

Favorittfarge: Blå

Favorittis: Softis med masse krokan!

Forbilder: Foreldra mine

Vi ynskjer ho Unni lukke til i ny jobb, ta godt i mot henne når ho kryssar din veg!

*Tekst: Marit Strømmen. Bilde: Privat*

# Glimt frå sumaren 2025

Kvar sumar har me fleire messer som ikkje er i soknekyrkjene våre. Kyrkjetenar og prest skal ha ferie, og det har vorte ein fin tradisjon med desse messene rundt om i kommunen. Folk kjem att kvart år! Slike arrangement på sumaren går an fordi mange gjer ein ekstra innsats...

Vikarprest Bjørn Mathisen har hatt messer i fjellet i Vestre Slidre i mange år. I år var han fyrst på Syndinstøga 29. juni.



*Bjørn Mathisen ved altaret.*

Trekkspelar og gamaldansmeister Aage Sogn frå Nordre Land var kyrkjemusikar denne vindfulle sundagen, det vart god stemning, god song og god applaus.



*Aage Sogn i fint driv.*



*Så var det kaffe etterpå ...*

## Fystro 6. juli

I år var det godt vær, så me fekk halde messe ved stavkyrkjetomta.

Janne var prest, Ove hadde med trekkspel, Sigbjørn hadde slege gras slik at me kom fram, Ingebjørg hadde med kringle, Røn sokneråd hadde med kaffe og anna drikke. Alt slik det skal vera!



På biletet ser me noko av Fystrogrenda, stavkyrkja stod omlag der krossen står. Øyvind Magistad Berge laga krossen av vannpostrøyr som han poppa saman.

---

## Moe kyrkjeruin 20. juli

Dei innsette ved Vest-Oppland fengsel avd Slidreøya hadde slege gras på vegen bort til – og rundt Moe kyrkjeruin Mads Hålien kom med toradaren og spelte preludium, postludium og ein lått midt i, dette let fint! Grunneigar Per Håvar, var med og bar ned benkjer slik at det var godt med sitjeplassar.

Janne prest og klokkar Johanna var forsangarar, det gjekk visst bra, det òg! Slidre sokneråd hadde med kaffe og lappar, og dei omlag 35 som kom, hadde ei varm og fin stund på alle måtar.



*Moe kyrkjeruin.*



*Mads pakkar ned toraderen.*



*Lappar med rømme og syltetøy.*

# Dugnad i Lomen

*Soknerådet i Lomen er ein driftig gjeng! Her er ein del bilete frå dugnaden i vår.*



*Klar?*



*Bårehuset får eit strøk med måling.*



*Vart det beint?*



*Nøyaktig må ein vera.*




*Stor kyrkjegard å raka.*



*Stormen hadde stelt stygt med reiskapsbua, no er ho like fin att!*



*Einar og Trygve laga nye benkjer til kyrkjegarden*



*Bilete: Linda Krossøy*

# Krabbegudsteneste i Lomen kyrkje

Alle som vart døypte i fjor, var inviterte til krabbegudsteneste 30. mars. Her var det lagt opp til tre forskjellige aktivitetar for dei små; Fingermåling, lystenning og papirblome på vatn. Blomen opna seg når han vart lagt på vatnet, og inni blomen var det skrive eit lite bibelvers. Alle borna fekk dåpsenglane sine som har hange på lysglobane i dei ymse kyrkjene sidan dåpsdagen. Det var 6 barn med foreldre og eit par besteforeldre til stades. Det vart servert kaffe og kake etter messa, og me hadde det rett og slett triveleg!

Lomen kyrkje er svært eigneleg til krabbing!

*Tekst og bilete: Karin Gullhaug*



*Kine gjer klart for fingermåling.*



*Papirblomen opnar seg!*



*Magnhild er med og tenner lys.*

---

---

# Om soknerådsarbeid

Det vil nok variere korleis sokneråda arbeider, her er litt om korleis vi har det Slidre sokneråd.

Vi sluttar oss til biskop Ole Kristian Bondens ynskje om ei open og inkluderande kyrkje der folk kan kjenne at dei høyrer til, og som skal vera der når folk treng det.

Som medlem i sokneråda er vi frivillige og blir vald inn for ei fire-årsperiode. Avhengig av storleiken på soknet vil talet på medlemmar variere mellom 4,6,8 eller 10 personar. I tillegg til dei folkevalde er soknepresten den geistlege representanten i rådet.

Medlemene blir igjen vald inn i Kyrkjeleg fellestråd og ulike utval.

Som ny i soknerådet får vi moglegheit til å delta på opplæring, då får vi kjennskap til lover og reglar for soknerådsarbeid.

Hovedmålet til soknerådet er å «vekke og nære det kristelige liv» i soknet, Jamfør Kirkelovens § 9. Det inneber mellom anna å:

- Sikre at Guds ord vert rikeleg forkynt.
- Tilby dåpsopplæring og støtte barn og unge i gode formål.
- Yte hjelp til sjuke, døande og andre i naud.
- Utvikle og styrke kyrkjeleg undervisning, diakoni og kyrkjemusikk i lokalsamfunnet.

(Frå Handbok for sokneråd og Kyrkjeleg fellestråd)

Soknerådet er ikkje alltid direkte involvert i dette arbeidet, men har moglegheit til å medvirke og bidra med økonomisk støtte.

Vi utarbeider eit årshjul med dei ulike aktivitetane.

Det er omlag 10-12 soknerådsmøter i året, og avheld årsmøte i mars med vanlege årsmøtesaker.

Soknerådet kan ta avgjerder, mellom anna vedta planer for lokalt arbeid som til dømes kyrkjeleg undervisning og kyrkjemusikk, men hjå oss ligg dette nok mest til staben på kyrkjekontoret.

Det er soknerådet som førebur og gjennomfører val av sokneråd. Dette føregår samstundes med kommunestyre- og fylkestingsval.

Soknerådet har stemmerett ved tilsetting av biskop, og har uttalerett når ny prost skal tilsetast. Soknerådet har også stemmerett ved tilsetting av sokneprest.

Soknerådet vedtek og set opp ein oversikt over kva formål offergåvene skal gå til.

Rådsmedlemene er kyrkjevertar ved gudstenester, det inneber mellom anna å pynte enkelt med blommar og ynskje folk velkomne til messe. Innimellom inviterer vi til kyrkjekaffe.

Vi har ansvar for dugnad på kyrkjegardane, og plantar på og steller legatgraver.

Det er soknerådet som har ansvar for Slidre kyrkjestogo, og står for utleige.

Som medlem i eit sokneråd har vi ulik erfaring og bakgrunn, og det kan vera ei utfordring.

Sokneråda har eigen økonomi og må få inn pengar sjølve. Vi kan ta inn takkoffer ved gudstenester og vi får betalt for å stelle legatgravene.

Eit par gonger i året har vi felles soknerådsmøte, då blir det teke opp saker som er felles for heile Vestre Slidre pretegjeld.

Soknerådsarbeidet er variert og gjevande, vi blir godt kjent og det er god stemning på møtene.

*Toril Olvik*

# 40 år med fengsel på Slidreøya

Ein prosentdel av jobben min som sokneprest, er og å vera fengselsprest på Slidreøya. I desse dagar vart det feira 40-års jubileum på fengselet, og eg fekk vera med på feiring saman med gamle og nye vener av øya. Det vart òg opna ei ny tilbakeføringseining – Heim – som særskilt skal rette seg mot innsette mellom 18 og 30 år. I dag er det til saman 25 soningsplassar på Slidreøya, og statsforvaltar Knut Storberget var heilt klar på at dette fengselet er unikt som soningsplass i Norge. Han lova at han skulle kjempe for å oppretthalde tilbodet så godt han kunne, i alle fall i 40 år til.

Mange av dykk kjenner godt til korleis det vart eit fengsel på Slidreøya. I starten var det nok for det meste promille- og fartsdømde som sona der. I dag er det òg større breidde blant dei innsette på øya, men felles for alle er at dei skal vera i slutten av soninga si eller at dei har ein dom med opp til tre års lengde.

Slidreøya er eit eineståande fengsel på fleire måtar. Produksjon av alt frå fuglehus og valdresroser til dei velkjende kvitlaukane, er eit meningsfullt arbeid for dei innsette. Ærlighetens marked og no også butikk på sjølve fengselet, er nok kjent for mange. I haust har eg handla nydelige grønnsaker der, og i vår var det stein frå Slidreøya i krukke og bed. Eg oppfordrar dei

av dykk som ikkje har sjekka ut kva Slidreøya produserer om å ta ei tur neste gong det er ope for salg i fengselsbutikken.

Som prest, er eg tilstades på fengselet på faste dagar, eg har messer der og eg er tilgjengeleg for innsette som treng det. Dette er ei viktig teneste for oss i kyrkja, og eg håpar me saman kan verta enda betre til å hugse på dei innsette både i bønner og i til dømes bidrag til julegaver. Og her er dagens største utfordring til dykk: Me treng heimstrikka sokkar til jul til 25 innsette. Håpar verkeleg me kan få det til i år.

Pilgrimsturen kvar sommar, er eit høgdepunkt for dei som deltek - både oss tilsette og innsette. På turen går me i lag, som ei gruppe. Lagar mat i lag, opplever natur og kultur saman, og deler morgonsamlingar i kyrkjene våre før me startar dagen. Frå Slidre til St. Thomas - innom alle kyrkjene på vegen.

Slidreøya er òg ein del av oss alle i Vestre Slidre. Dei som sonar der, og dei som jobbar der, skal vite at me som kyrkje bryr oss. Ingen er berre det me ser, og folk er folk - både innanfor ut utanfor kriminalomsorgen sine «murar»

*Janne Sukka*

## Slidremarknaden, fin møtestad



*Mange buer, mykje folk, god mat, godt vær. Mekkeklubben stilte med kaffe og vaflar.*

# Seksårsbok

Sju seksåringar kom til Røn kyrkje den 7. september og fekk utdelt seksårsbok av den nye kyrkjelydspedagogen vår, Unni Tryggeseth.

Det var dåp denne sundagen og kyrkja var full av folk, då kan det vera litt skummelt å stå framfor alle. Men jamen gjekk det bra!

*Tekst: Johanna Fuglesteg  
Bilete: Janne Sukka*



## Olsok i Lomen stavkyrkje

Lomen sokneråd får det til kvart år: Ein strålende velkomst ved porten med rømmegraut, saft eller kaffe, friviljuge ringjarar som får det til å syngje frå stupulen under Lomiberget, nyslege gras på den gamle kyrkjegarden.

62 personar fylte kyrkja med flott og kraftig song, studentprest Ingrid Albert held messa. Ho snakka om at me ikkje må vera perfekte for å få til noko stort. Olav Haraldsson var slett ikkje berre god og snill, likevel blir namnet hans ståande i noregshistoria, mest kanskje på grunn av det som hende etter at han var død.

Sprø langeleiktonar sende kyrkjelyden ut i kvelden.

Olavrosa på biletet er eit kvalitetsmerke som blir delt ut av Norsk Kulturarv. Det blir gjeve til tilbod som held spesielt høg standard når det gjeld å formidle kulturarven og ta vare på kulturhistoria. Olavrosa forpliktar mottakaren til å halde fram med dette arbeidet. Basis for logoen er valknuten, ein magisk knute som frå gamalt av var eit symbol for vern.

Kanskje stavkyrkja i Lomen og det arbeidet som blir gjort rundt i og rundt henne kunne vera ein verdig mottakar?

*Tekst: Johanna Fuglesteg*

**Vi skal ha julekonsert med Atle Pettersen 25. november!**

**Slidredomens barnekor**

Barnekor i Kyrkjestova  
ved Slidredomen måndagar frå 15.00 – 16.30!

**Oppstart:**  
Måndag 20.oktober kl. 15.00–16.30

Vi serverer eit lite måltid før songvinga.  
Du kan gå rett frå skulen.  
Det blir korsong og moro!

Vi skal før jul ha konsert med Atle Pettersen i Tingnes kyrkje.  
Da slår vi oss saman med barnekoret i Nord-Aurdal. Det blir MORO!!  
Tilbudet er gratis og åpent for alle 😊!

➡ Påmelding innan fredag 3. oktober til Unni Tryggeseth på mail: [ut587@kirken.no](mailto:ut587@kirken.no)



# Babysang

Velkomen til babysang i Kyrkjestogo v/Slidredomen  
måndagar i oddetalsveker frå kl 11-13



Vi startar semesteret **måndag 8. september 2025**  
Vi syng, leiker og hyggjer oss saman. Eit triveleg møtepunkt for alle som er  
heime med baby. Inga påmelding – kom når det passar

**Spørsmål?** Ta kontakt med kyrkjelydspedagog  
Unni Tryggeseth på [ut587@kirken.no](mailto:ut587@kirken.no)



Den norske kyrkja

## Utleige av Røn kyrkjestogo

Kyrkjestogo i Røn er til leige for lag, foreiningar og privatpersonar.  
Huset har dekketøy til minst 60 personar, industrioppvaskmaskin og kjøleskåp.

Leigesum er kr 1250,-

Ta kontakt med leiar av Røn sokneråd.

Marianne Tuvmarken. mob. 48211552

## Utleige av Slidre kyrkjestogo

Kyrkjestogo i Slidre er til leige for lag, foreiningar og privatpersonar.  
Huset har dekketøy og plass til omlag 30 personar, det er oppvaskmaskin og kjøleskåp.

Leigesum er kr 1000,-

Ta kontakt med leiar i Slidre sokneråd,

Edith Helle, tlf 99037532

**Støtte til kyrkjebladet: Kontonr.: 21530709296, vipps 620343. Merk med «kyrkjeblad». Takk!**

# KYRKJELEGE HANDLINGAR

Mars – august 2025

|           |                     |       |  |                    |
|-----------|---------------------|-------|--|--------------------|
| Jordfesta | <b>Lomen sokn:</b>  | 25.04 | Inga Haugen  | f. 1926            |
|           | <b>Røn sokn:</b>    | 04.04 | Unni Snortheimsmoen  | f. 1936            |
|           |                     | 20.05 | Kjellaug Søndrol   | f. 1930            |
|           |                     | 28.05 | Anne Britt Øyen  | f. 1955            |
|           |                     | 13.06 | Ida Opheim   | f. 1939            |
|           |                     | 15.08 | Mathias Bergseng   | f. 2025            |
| Vigsel    | <b>Røn sokn:</b>    | 29.03 | Camilla Wara Viken og Fredrik Semelenge                    |                    |
|           |                     | 29.03 | Vilde Gundersen Holth og Helge Kristian Gunnulfsen Kopland |                    |
|           |                     | 29.03 | Ninni Eline Olsen Birkedal og Arne Martin Hushagen         |                    |
|           |                     | 28.06 | Ellinor Victoria Øiestad og Georg Johannes Picot           |                    |
|           |                     | 19.07 | Andrea Svensson Opheim og Rune Haugrud                     |                    |
|           | <b>Slidre sokn:</b> | 26.07 | Elin Haugland og Rickard Peter von Weymarn                 |                    |
|           |                     | 23.08 | Tale R Størdal og Håkon T Gulbrandsen                      |                    |
| Døypete   | <b>Lomen sokn:</b>  | 17.08 | Vegard Stee Strand   |                    |
|           | <b>Røn sokn:</b>    | 04.05 | Hedda Kristiansen Snortheimsmoen                           |                    |
|           |                     | 15.06 | Vetle Strand Storhaug                                      |                    |
|           |                     | 29.06 | Mathias Kvehaugen  |                    |
|           |                     | 03.08 | Arvid Lundås   | (bustad Steinkjer) |
|           | <b>Slidre sokn:</b> | 20.04 | Jørgen Hjell Olderløyken                                   |                    |
|           |                     | 06.07 | Åsa Ødegård Trovåg   | (bustad Gravdal)   |

## Babysong

Fire babyar kom saman med mødrene sine til haustens fyrste babysong. Vi song, spelte på instrument og – ikkje minst – prata saman og vart betre kjende.

Det var ein koseleg formiddag, og vi har sjølvstøtt plass til fleire!

Babysongen er annan kvar veke i oddetalsveker, frå kl. 11–13, i kyrkjestova ved Slidredomen.

Neste gong blir måndag 22. september !

*Tekst og bilete: Unni Tryggeseth*



# MESSELISTE

Dette er den planlagte gudstenestelista. Det kan koma endringar.  
Fylg med på kyrkja si nettside og i avisa «Valdres».

| Dato             | Dag                        | Tid   | Stad                                 |
|------------------|----------------------------|-------|--------------------------------------|
| <b>SEPTEMBER</b> |                            |       |                                      |
| 28.09.25         | 16. s i treeiningstida     | 11.00 | Lomen, hausttakkefest, og fireårsbok |
| <b>OKTOBER</b>   |                            |       |                                      |
| 05.10.25         | 17. s i treeiningstida     | 11.00 | Slidredomen                          |
| 14.10.25         | NB: tysdag                 | 18.00 | Røn, messe og mat                    |
| 26.10.25         | Bots -og bøneda            | 11.00 | Slidredomen, bispevisitasgudsteneste |
| <b>NOVEMBER</b>  |                            |       |                                      |
| 02.11.25         | Helgemessesundag           | 19.00 | Slidredomen                          |
| 09.11.25         | 22. s i treeiningstida     | 11.00 | Lomen                                |
| 23.11.25         | Domssundag/Kristi kongedag | 11.00 | Slidredomen                          |
| 30.11.25         | 1. s i advent              | 18.00 | Røn, lysmesse                        |
| <b>DESEMBER</b>  |                            |       |                                      |
| 14.12.25         | 3. s i advent              | 11.00 | Slidredomen                          |

På kvar messe blir det teke opp takkoffer, det blir opplyst kva takkofferet går til.



**KONSERT**  
Slidredomen  
5. oktober kl 18  
Japansk og norsk musikk  
Yuko Oda  
Liv Lande  
Dahl/  
Steinsland band  
Billettpris: 150,-

# KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret har ope for besøk måndag – torsdag kl. 09.00 – 15.00

Det kan vere stengt pga møter, kurs og befaring – kontakt oss då pr. telefon.

## TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellestråd

| Namn                       | Tlf.     | Jobb                                   | E-post                  |
|----------------------------|----------|--|-------------------------|
| Janne Sukka                | 45861038 | Sokneprest                             | js593@kyrkja.no         |
| Inger Johanne Østby        | 97156098 | Kyrkjevevjerje                         | io266@kyrkja.no         |
| Ove Nygard Nybakk          | 95074518 | Organist                               | on423@kyrkja.no         |
| Unni Tryggeseth            | 45288641 | Kyrkjelydspedagog                      | ut587@kirken.no         |
| Magnhild Skjel             | 95821005 | Klokkar i Røn, Øyjar, Lomen sokn       | magskjel@outlook.com    |
| Johanna Fuglesteg          | 90156613 | Klokkar i Slidre sokn                  | johfugl@gmail.com       |
| Einar Lome                 | 99310408 | Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje        | einari.lome@hotmail.com |
| Anne Berit Strømmen Strand | 97597150 | Kom. valt repr. i kyrkjeleg fellestråd |                         |
| Geir Kongslien             |          | Permisjon                              |                         |

Gå inn på nettsidene til kyrkja i Vestre Slidre på [www.kyrkja.no/vestre-slidre](http://www.kyrkja.no/vestre-slidre)

Gå inn på nettsidene til kyrkja i Vestre Slidre: <https://kyrkja.no/vestre-slidre>. Her finn du informasjon om alt som har med kyrkja å gjera!



## God høst frå redaksjonen!

Sigrun Sørensen, Toril Olvik, Johanna Fuglesteg,  
Linda Krossøy og Marit Strømmen

E-post til Kyrkjebladet: [vskyrkjeblad@gmail.com](mailto:vskyrkjeblad@gmail.com).  
Kom gjerne med stoff eller innspel til kva me bør skrive om eller ha med!



|   |  |  |
|---|--|--|
|  |  | <b>Valdres Motor &amp; Bilskade AS Ryfoss</b><br>Bilskader – Leiebiler – BMW Service   |
|  |   | Tenk sikkerhet, bruk fagfolk<br><b>Vestre Slidre EI-installasjon A/S</b><br>Tlf.: 61 34 32 90 <a href="http://elektriker-slidre.no">elektriker-slidre.no</a> |
|  |   |   |
|  |   |   |
|  |  |   |
|  |   |   |

Takk til alle annonsørar for støtte til distribusjon av bladet vårt.